

# ÅRSMELDING

## ACTA BARN OG UNGE I NORMISJON SOGN OG FJORDANE

### 2019



## *1 - Årets gleder*

---

**Romjulgalla!** Etter mange år har ein i 2019 forsøkt å ta opp igjen tradisjonen med romjulgalla. Romjulgalla er ein «festkveld» for ungdom og unge vaksne, der ein møtes til julemiddag, andakt, lovsong, einebær-buskgang og mykje moro. Actastyret stod som arrangør og kvelden vart ein stor suksess!

**Nordfjord Soul Teens X!** Hausten 2019 kom også Nordfjord Soul Teens i gang med øvingshelgar. Dette er eit regionsomfattande arbeid som blir drive av lokale ildsjeler, med hjelp frå Soul Children konsulenten i Acta Sof. Det er flott å kunne seie at det no finnast eit lokallagsarbeid også for dei eldste ungdommane våre!

**Nytt barnelag i Sunnfjord:** Teigenklubben såg dagens lys hausten 2019. Det er flott at vi no har eit fungerande barnelag i Sunnfjord som har tilknytning til Teigen leirstad.



## *2 - Årets utfordring*

Ei av utfordringane i 2019 var å få nok vaksne leiarar på leirane. Det er viktig for oss å ivareta sikkerheten på leir, og då seier det seg sjølv at vi treng vaksne leiarar i tillegg til alle dei flotte ungdommane som er med å bidreg. Mange studentar er flytta langt vekk, og det syner seg ofte vanskelig å rekruttere «andre vaksne» leiarar. Rekruttering av vaksne leiarar er noko vi må jobbe aktivt med framover. Vi vonar dei nye fellesskapa våre kan vere gode rekrutteringsarenaer.

## *3 - Rapportering av talmateriale*

---

### **3.1 - Lokalt arbeid i Acta 2018**

Støtteordninga gjer at årsrapportar blir godkjent på hausten, så der ligg statistikken eit år bak.

Lokallag totalt 2019: 24 (26) lokallag og 2 (2) barnehagar er tilslutta Acta pr 31/12-2019.

Tal på lokallag med godkjent årsrapport 2018: 20 (2017:21)

Tal på aktive lokallag utan godkjent årsrapport 2017: 6 (2017: 5)

Tal godkjente medlemmer i lokallaga (har betalt medlemskont. 2018: 469 (2017: 488)

Tal medlemmer totalt i 2018: 555

Det er svært kjekt å komme på lagsbesøk! Det er fantastisk å sjå trufaste leiarar som står på år etter år. Vi i Acta-styret takkar for arbeidet og vil inspirere til ny teneste!

### **Fordeling pr. kategori**

6 (8)	Barnelag
13 (13)	Barnekor/Soul Children
5 (4)	Ungdomslag
0 (0)	Familielag



- 1 (1) Regional leirklubb
- 2 (2) Barnehagar

### **Fordeling pr. område**

- 18(20) Nordfjord
- 2(3) Sunnfjord
- 3 (3) Sogn
- 1 (1) Regional

## **3.2 - Regionalt arbeid i Acta**

### **Leirarbeidet**

Totalt arrangement: 13 (14)

Totalt avlyste leirar: 1 (2)

Totalt tal på deltakarar: 428 (617) (eksl. Nordfjord Soul teens) Stor dif. pga nordfjordsom.

Totalt tal på leiarar: ca 95 (130) (manglar eksakt tall på antall leiarar pga uklar registrering.)

Medlemmar i leirklubb: 163 (155)

*Talmateriale fordelt på leirstadar:*

STAD	ARRANGEMENT	TAL PÅ DELTAKARAR
Fjordly ungdomssenter	8 (9) leirar for barn- og ungdom (eksl 2 NSTX helgar)	340 (362)
Teigen leirstad	5 (4) leirar for barn og ungdom 1 av desse vart avlyst.	88 (65)
<b>Totalt</b>	<b>13 (14) Arrangement</b>	<b>428 (617)</b>



## **4 - Økonomi**

Acta Sogn & Fjordane har felles økonomi med Normisjon Sogn & Fjordane og årsrekneskapen der syner eit overskot på 278 229,-. Overskotet skuldast i hovudsak nedgang i lønnsutgifter pga permisjonar og vakansar.

Tusen takk til alle som støttar Acta med fast gjevarteneste og andre gåver!

## ***5 - Acta-styret sin kommentar***

---

Acta-styret hadde i 2019 4 møter, og handsama 40 saker. I tillegg var det eit felles møte med regionstyret på våren 2019. Saker som var oppe var mellom anna fordeling av økonomi og administrasjon normisjon/ acta, samarbeid med NLM i Sunnfjord, eittåringar 2020/2021, romjulgalla og rekrutering av leiarar. Styret møtes på regionskontoret og har i tillegg til saksbehandling hatt fokus på å dele Guds ord og ha fellesskap med Gud og kvarandre, Styret har også hatt ei styrehelg i Volda, det var kjekt å møtes over lengre tid enn bare eit møte.

## ***6 - Styre og tilsette***

---

### **Frå årsmøte var Acta-styret samansett slik:**

Leiar:	Rune Tøsse	2019-2020
Styremedlem:	Andreas Dalsbø	2019-2021
Styremedlem:	Anders Osdal	2018-2020
Styremedlem:	Maria Fonn	2019-2021
Styremedlem:	Jenny Leirgul	2018-2020

Vara-medlem: Frida Bjørnereim, Filip Tøsse og Sofia Hyttedal 2019-2020  
RS-representant: Liv Bruland

### **Tilsette**

Stine Hopland actaleiar 100% [mammafermisjon frå 10.des.2018-1.des 2019]  
Maria Tøsse actaleiar 60 % [fram til 1. jan 2020]  
Stian Stokkebekk fellesskapsutv. 70 % [fram til 15.aug 2019]  
Sommarteam: Kristin Bjarnastein Skaaland, Frida Bjørnereim, Jenny Leirgul, Anders Osdal og Sverre Knardal

### **Takk**

Takk til Gud som ved sin heilage Ande leiar oss fram dag for dag, gjev visdom og håp, og leiar oss til born og unge som vi får dele «grensesprengande fellesskap» med.

Takk til deg som er frivillig, anten det er i lag, på leir eller i støttefunksjon. Takk til deg som oppmuntrar leiarane våre, og takk til deg som er medvandrar! Du er verdifull!

Takk til deg som ber for arbeidet vårt. Forbøn for arbeidarar og arrangement dannar grunnlaget for alt vårt arbeid. Utan at Gud er med i arbeidet vårt klarar vi ikkje å nå målet om Jesus-tilbedande og grensesprengande fellesskap!

Takk til deg som investerer i arbeidet økonomisk. Utan støtte kunne vi ikkje ha auka satsinga for born og unge i regionen, og utan støtte hadde ikkje dei tilsette kunne ha hovudfokus på å spreie ordet om Jesus, nåde, og evig liv!

Vi ser at Gud jobbar i Sogn og Fjordane, og vi ser at vi får lov å vere med på store ting. Ver med i arbeidet vidare, vi trur at Gud fortsatt har store planar for Sogn og Fjordane

---

Rune Tøsse  
Styreleiar

---

Stine Hopland  
Acta-leiar

